
Innkalling til representantskapsmøte i

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

mandag 28. april 2025 kl. 17.00

Sted: Tysvær rådhus, kantinen eller digital deltagelse
Servering: smørbrød og kaffe/te

Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 979 eller
post@kontrollutvalgene.no

Møtet blir innkalt som et hybridmøte, med mulighet for digital deltagelse.

Gi beskjed om forfall så snart som mulig.

I etterkant av møtet vil daglig leder orientere om aktiviteten i kontrollutvalgene.

Til behandling foreligger:

- 1/25 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 2/25 Valg av referent og to representanter til å underskrive protokollen
- 3/25 Godkjenning av årsmelding 2024
- 4/25 Godkjenning av årsregnskapet for 2024
- 5/25 Budsjett 2026
- 6/25 Økonomiplan 2026 - 2029
- 7/25 Valg av revisor
- 8/25 Referat- og orienteringssaker

Aksdal 24.03.25

Monika Lindanger
Leder av representantskapet

Odd Gunnar Høie
Daglig leder

Kopi: Vararepresentanter
Medlemskommunene v/postmottak
Styret
Revisor (KPMG AS)

SAKSGANG		
Utvalg	Møtedato	Saksnummer
Representantskapet	28.04.25	01/25
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste til representantskapsmøtet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS den 28.04.25 blir godkjent.

Saksorientering

I følge selskapsavtalen § 10 innkallar leiar i representantskapet til møte når det blir bestemt.

Representantskapsmøte skal som hovudregel haldast innan utgangen av april kvart år. Varsel om dato blei sendt til representantane på nyåret 2025.

Innkalling med saksliste blei sendt 31.03.25. Varamedlemmer og medlemskommunane er varsla med same frist.

I følge selskapsavtalen § 9 må saker som det er ønskje om at skal handsamast vera meldt til styret minst 4 veker før møtet. Ingen slike saker er meldt inn.

Medlemmene, varamedlemmer og eigarkommunane fekk tilsendt sakspapira ca. 2 veker før møtet. Dokumenta er lagt ut på sekretariatet si heimeside www.kontrollutvalgene.no

Aksdal, 25.03.25

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar

SAKSGANG		
Utvalg	Møtedato	Saksnummer
Representantskapet	28.04.25	02/25
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

VAL AV REFERENT OG TO REPRESENTANTAR TIL Å UNDER-SKRIVE PROTOKOLLEN

Forslag til vedtak:

Representantskapsmøtet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel dagleg leiar som referent. XX og XX blir valde til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Saksorientering

I følge § 9 i lov om interkommunale selskap skal møteleiar sørgje for at det vert ført protokoll frå møta. Representantskapet vel i starten av møtet to representantar som saman med møteleiar godkjenner protokollen frå møtet. Dette kan gjerast elektronisk.

Aksdal, 25.03.25

Odd Gunnar Høie
Daglig leder

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Representantskapet	28.04.25	03/25
Styret	20.03.25	08/25
Styret	20.02.25	03/25
Saksansvarlig		Arkivkode
Odd Gunnar Høie		033

GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2024

Styret si innstilling:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner årsmelding 2024 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert sendt eigarkommunane til orientering.

Vedlegg: styret si årsmelding 2024

Saksorientering

Vedlagt følger årsmelding for 2024. Årsmeldinga blei godkjent av styret i møtet 20.02.25.

Årsmeldinga er styret si «årsberetning», jf. lov om interkommunale selskap § 27, der det står at «Styret legger frem forslag til vedtak om årsregnskap og årsberetning for representantskapet».

Årsmeldinga er også sekretariatet sin rapport om aktiviteten i 2024, slik praksis har vore sidan den fyrste årsmeldinga blei lagt fram for styret og representantskapet i 2006.

Årsmeldinga blir sendt eigarkommunane til orientering i etterkant av representantskapet si handsaming.

Aksdal, 13.03.25

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar



ÅRSMELDING OG STYRET SI MELDING FOR 2024

Selskapet si verksemd

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS er eit interkommunalt samarbeid mellom 10 kommunar på Haugalandet, og skal ivareta funksjonen som sekretariat for kontrollutvala for eigarane. Deltakarkommunane er Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.

Selskapet blei stifta 23.11.04 på bakgrunn av lovendring i kommunelova der det er krav om uavhengige sekretariat. Selskapet utførar sekretariatstenester som omfattar oppgåver for kontrollutvala som saksførebuing, utsending av sakspapir, protokollføring og iverksetjing av vedtak.

I 2024 har det vore 4 styremøte. Styret har handsama 26 saker, der 6 saker blei sendt vidare til representantskapet med innstilling. Det har ikkje vore endringar på personellsida.

Representantskapsmøtet blei gjennomført i april, som fysisk møte. Ny leiar av representantskapet blei ordførar i Tysvær, Monika Lindanger. Representantskapet valde nytt styre, med Camilla Klovning Strømø frå Haugesund som styreleiar.

Kontoret til selskapet ligg i Tysvær rådhus. Rekneskapsføringa, lønn og årsoppgjer blir utført av Addera SA.

Året 2024 har vore prega av normal drift. Sekretariatet har gjennomført totalt 49 kontrollutvalsmøte og saksførebudd mange saker til kvar kommune. Møta i kontrollutvala blir haldne på rådhusa i den enkelte kommune.

Framhald av drift

Kommunelova krev at kontrollutvalgssekretariata skal vere sjølvstendige, dvs. ikkje vere underlagt kommunedirektør. Verksemda er difor basert på eit gjensidig samarbeid med og mellom eigarane om sekretariatfunksjonen for kontrollutvala i avtale frå 2004.

Det er inga indikasjonar som skulle seie at lovgrunnlaget for selskapet skal falle bort.

Selskapet har hatt stabilitet i arbeidsstokk og eigenkapitalen er nokså god. Med dette som utgangspunkt meiner styret at vilkåra for framhald av drift av selskapet er til stades.



Resultat og utvikling

Selskapet skal i tråd med selskapsavtalen drivast i balanse, slik at inntektene frå kommunane dekkjar kostnadene. Rekneskapen for 2024 viser ein omsetnad/budsjett på kr 2 525 400. Rekneskapen viser i år eit overskot på kr. 62 042.

Styret gjer framlegg om at overskottet vert lagt til eigenkapitalen. HKS IKS er eit lite selskap og er sårbar for endringar i rammevilkår og arbeidsstokk. Det er difor viktig å ha litt reservar tilgjengeleg. Ved å sette av midlar er selskapet blitt meir robust i sin daglege drift, samstundes som selskapet har ein betre likviditet.

Selskapet har i 2024 ikkje delteke i eller gjennomført forskings- og utviklingsprosjekt.

Arbeidsmiljø

Selskapet har eit godt arbeidsmiljø. Sjukefråveret er rekna til 0,8 %. Det har ikkje vore skader eller ulykker. Selskapet har fokus på forhold knytt til helse, miljø og tryggleik. Selskapet har samarbeidsavtale med NAV om inkluderande arbeidsliv.

Likestilling

Selskapet har to tilsette, der begge er menn. Styret i selskapet er sett saman av to kvinner og ein mann. Det er ikkje sett i verk spesielle likestillingstiltak. Selskapet legg vekt på likebehandling mellom kjønna i sin verksemd og styret meiner denne målsettinga er oppfylt.

Ytre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som forureinar utover reiseaktivitet knytt til arbeidet i eigarkommunane. Selskapet sitt hovudkontor er lagt til Aksdal i Tysvær kommune, som geografisk ligg om lag midt i selskapet sitt virkeområde.

Avslutning

Som sekretariat for kontrollutvala er selskapet avhengig av eit nært og godt samarbeid med kommunestyra v/ordførar og administrasjonen i kommunane og revisjonsselskapet. Styret og dagleg leiar vil takka for samarbeidet som har vore i året som har gått.

Aksdal, 20.02.25

Camilla Klovning Strømø
Styreleiar

Tor Leif Helgesen
Nestleiar

Linn Utseth
Styremedlem

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Representantskap	28.04.25	04/25
Styret	20.03.25	09/25
Styret	20.02.25	03/25
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	212	

GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2024

Styret si innstilling:

Årsrekneskapen for 2024 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på 62 042 kr.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot vert lagt til eigenkapitalen.

Vedlegg: årsrekneskap 2024 m/noter
 revisor si melding, dagsett 21.02.25

Saksorientering

Rekneskapen er avslutta frå rekneskapsførar og viser eit positivt årsresultat på kr 62 042. Utgiftene har stort sett vore i tråd med budsjettet.

Det er sendt inn krav om momskompensasjon på kr 30 025 for 2024.

Rekneskapen for 2024 viser ein omsetnad på kr 2 525 400. Sum eigenkapital er på kr 637 356.

Styret slutta seg til dagleg leiar sitt framlegg i møtet 20.02.25 om at overskotet blir lagt til selskapet sin eigenkapital.

I følgje vedtekter skal selskapet drive i balanse gjennom at inntektene dekkjer kostandene. Vidare er eit av måla at selskapet skal ha ein trygg og forsvarleg økonomisk drift.

Revisjonsberetninga frå KPMG AS følgjer vedlagt.

Aksdal, 13.03.25

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar

Årsregnskap 2024

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks

Resultatregnskap
Balanse
Noter til regnskapet

RESULTATREGNSKAP

HAUGALAND KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2024	2023
Salgsinntekt		2 525 400	2 393 000
Sum driftsinntekter		2 525 400	2 393 000
Lønnskostnad	1	2 122 407	2 221 912
Annen driftskostnad		365 536	228 552
Sum driftskostnader		2 487 943	2 450 463
Driftsresultat		37 457	-57 463
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt		23 485	10 331
Annen finansinntekt		1 100	970
Resultat av finansposter		24 585	11 301
Resultat før skattekostnad		62 042	-46 162
Årsresultat	2	62 042	-46 162
OVERFØRINGER			
Avsatt til annen egenkapital		62 042	-46 162
Sum overføringer		62 042	-46 162

BALANSE

HAUGALAND KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

EIENDELER	Note	2024	2023
ANLEGGSMIDLER			
IMMATERIELLE EIENDELER			
VARIGE DRIFTSMIDLER			
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER			
Investeringer i aksjer og andeler		60 008	52 804
Sum finansielle anleggsmidler		60 008	52 804
Sum anleggsmidler		60 008	52 804
 OMLØPSMIDLER			
FORDRINGER			
Andre kortsiktige fordringer		55 967	48 150
Sum fordringer		55 967	48 150
INVESTERINGER			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	883 419	829 310
Sum omløpsmidler		939 386	877 461
Sum eiendeler		999 394	930 265

BALANSE


HAUGALAND KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2024	2023
EGENKAPITAL			
INNSKUTT EGENKAPITAL			
OPPTJENT EGENKAPITAL			
Annen egenkapital	4	637 356	575 315
Sum opptjent egenkapital		637 356	575 315
Sum egenkapital	2	637 356	575 315
GJELD			
AVSETNING FOR FORPLIKTELSE			
ANNEN LANGSIKTIG GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		67 117	54 309
Skyldig offentlige avgifter		86 450	104 208
Annen kortsiktig gjeld		208 471	196 433
Sum kortsiktig gjeld		362 038	354 950
Sum gjeld		362 038	354 950
Sum egenkapital og gjeld		999 394	930 265

Aksdal, 20.02.2025

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS


 Camilla Klovning Strømø
 styreleder


 Linn Utseth
 styremedlem


 Tor-Leif Helgesen
 nestleder

 Odd Gunnar Høie
 daglig leder

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og NRS 8 - God regnskapsskikk for små foretak.

SKATT

Selskapet er ikke skattepliktig

Note 1 Lønnskostnader og antall årsverk

LØNSKOSTNADER

	2024	2023
Lønninger	1 624 369	1 571 115
Arbeidsgiveravgift	261 827	275 003
Pensjonskostnader	186 181	317 688
Andre ytelser	50 030	58 105
Sum	2 122 407	2 221 912

Selskapet har i 2024 sysselsatt 2 årsverk.

Aktivert innskudd i KLP pr 31.12 var kr 60.008.

Note 2 Egenkapital

	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr. 31.12.2023	575 315	575 315
Årets resultat	62 042	62 042
Pr 31.12.2024	637 356	637 356

Note 3 Bankinnskudd

Innestående midler på skattetrekkkonto (bundne midler) er på kr. 71 153.

Note 4 Fortsatt drift

Resultatet for 2024 viser et overskudd på kr. 62 042 , mot kr. -46 162 i 2023. Soliditeten og likviditeten er fortsatt god og det er ikke noe som indikerer at driften ikke kan fortsette. Målet er å få balanse mellom inntekter og kostnader. Styret vurderer at forutsetningene for fortsatt drift er til stede og legger det til grunn for sin virksomhet.



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 45 40 40 63
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 21.02.25
Journalført: 25/09/24
Arkivkode: 33

Til representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Uavhengig revisors beretning

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS som består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2024, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti



for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen.

Haugesund, 21. februar 2025

KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Hauge, Willy

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-1629898

IP: 80.232.xxx.xxx

2025-02-21 13:33:04 UTC



Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signerlingen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Representantskapet	28.04.25	05/25
Styret	20.03.25	10/25
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	212	

BUDSJETT 2026

Styret si innstilling:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2026 med følgjande rammer:

Inntekter 2026		Utgifter 2026	
Tilskot	3 050 000	Lønn- og sosiale utgifter	2 434 000
		Driftsutgifter	616 000
Totalt inntekter	3 050 000	Totalt utgifter	3 050 000

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2026 følgjande:

Karmøy kommune	553 000
Haugesund kommune	553 000
Tysvær kommune	291 000
Vindafjord kommune	291 000
Sveio kommune	259 000
Sauda kommune	259 000
Etne kommune	259 000
Suldal kommune	259 000
Bokn kommune	170 000
Utsira kommune	156 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindretgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingenten frå deltakarkommunane ikkje blir auka.

Vedlegg: budsjettframlegg 2026 - talloppsett

Bakgrunn for saka

Ifølge lov om interkommunale selskap § 18 skal representantskapet vedta selskapet sitt budsjett for kommande kalenderår. Årsbudsjettet skal settast opp slik at det gjer eit realistisk bilete av verksemda og det forventande økonomiske resultatet av drifta.

Representantskapet skal vedta selskapet sin kontingent overfor kommunane, dvs. tilskotet frå kommunane.

Sidan 2009 har det vore praksis for at representantskapet berre har eitt møte i året, slik at budsjettet har blitt vedtatt om våren. I og med at representantskapet handsamar rekneskapen frå sist år og vedtar årsbudsjett og økonomiplan i same møtet, vil det gjere at selskapet også er i forkant av kommunane sitt arbeid med neste års budsjett.

Generelle føresetnader

Lønn og sosiale utgifter er, som tidlegare år, den største utgiftsposten. Tilskot frå deltakarkommunane utgjer selskapets inntekter. Tilskotet vert justert årleg, normalt med ei auke som er i samsvar med lønns- og prisveksten i kommunal sektor.

Regnskapstala for 2024 visar at selskapet hadde eit mindreforbruk på kr 62 042, som blir lagt til eigenkapitalen.

Dagleg leiar vil gjere framlegg om halde budsjett for 2026 på same nivå som for 2025, sidan det var ein ekstra stor auke i budsjettet frå 2024 til 2025. I økonomiplanen er det lagt opp til ein årleg «normal» auke på rundt 5 %. Tilskotet frå eigarkommunane vert justert årleg, normalt i samsvar med lønns- og prisveksten i kommunal sektor. For 2026 blir tilskotet på same nivå som i 2025.

Kostnadene til mellom anna pensjonsforsikring, leige av nye ikt-system, /kursdeltaking og regnskapsføring har auke mykje dei siste åra.

Investering i saks- og arkivsystem

HKS IKS har signert kontrakt med ACOS for anskaffing og leige av Websak som saks- og arkivsystem. For å kunne ta i bruk Websak har selskapet inngått ein ny avtale for kjøp av datatenester frå ein ekstern leverandør. Begge avtalene er godkjent av styret.

Kostnadane til leie/drift av IKT-systemet vil difor auke ganske vesentleg i inneverande år og i åra framover. I budsjettet for 2026 er det lagt inn kr 210 000 kr til leie av IKT-systemet.

Aksdal, 13.03.25

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar

Budsjett 2026 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Kontonavn		Budsjett 2024	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Salgs- og driftsinntekt					
3220	Sekretariatstjenester,	2 510 000	2 525 400	3 050 000	3 000 000
Sum salgs- og driftsinntekt		2 510 000	2 525 400	3 050 000	3 050 000
Lønnskostnad					
5000	Lønn til ansatte	1 580 000	1 561 783	1 660 000	1 750 000
5100	Seniortiltak	-			2 000
5200	Fast bilgodtgjørsele	31 000	30 600	30 000	35 000
5251	Gruppelivsforsikring	5 000	9 338	6 000	10 000
5252	Ulykkesforsikring	2 000		2 000	
5330	Godtgj. til styre- og	24 000	27 000	30 000	30 000
5400	Arbeidsgiveravgift	267 000	261 826	275 000	280 000
5900	Gaver til ansatte	3 000	445	3 000	3 000
5920	Yrkesskadeforsikring	3 000	1 080	3 500	1 500
5930	Reiseforsikring	3 000		2 500	-
5941	LO/NHO- ordningen (O&U	3 000	2 345	3 000	2 500
5945	Pensjonsforsikring for	225 000	218 564	290 000	310 000
5990	Annen personalkostnad	4 000	9 426	10 000	10 000
Sum lønnskostnad		2 150 000	2 122 407	2 315 000	2 434 000
Driftskostnader					
6300	Leie lokale	27 000	25 717	27 000	27 000
6420	Leie datasystemer	10 000	8 862	100 000	210 000
6540	Inventar Saksbeh. Sy	10 000		300 000	-
6575	Verneutstyr	2 500	-	2 000	2 000
6700	Revisjonshonorar	20 000	27 500	23 000	30 000
6705	Regnskapshonorar	55 000	59 287	60 000	80 000
6790	Konsulent tjeneste	1 000	790	1 000	1 000
6800	Kontorrekvisita	5 000	1 725	3 000	2 000
6840	Faglitteratur	12 000	5 615	10 000	6 000
6860	Møte, kurs, oppdatering o l	55 000	94 226	60 000	90 000
6900	Telefon	10 000	5 055	5 000	5 000
6940	Porto	500	-	-	-
Sum driftskostnader		208 000	228 777	591 000	453 000
Annen driftskostnad					
7100	Bilgodtgjørelse,	22 000	12 663	22 000	15 000
7101	Bilgodtgjørelse, trekk- og				
7140	Reisekostnad, ikke	27 000	32 115	15 000	35 000
7160	Diettkostnad		2 048		2 000
7350	Representasjon,	8 000		2 000	1 000
7400	Kontingent,	55 000	46 537	60 000	55 000
7600	Lisensavgift og royalties	30 000	38 529	35 000	44 000
7710	Styre og	6 000		5 000	5 000
7770	Bank- og kortgebyr	3 000	4 867	4 000	5 000
7790	Annen kostnad	1 000		1 000	1 000
Sum annen driftskostnad		152 000	136 759	144 000	163 000
Driftskostnader		2 510 000	2 487 943	3 050 000	3 050 000
Driftsresultat					
8051	Renteinntekt bankinnskudd	-	24 585		
Ordinært resultat før		-	62 041		

SAKSGANG		
Utvalg	Møtedato	Saksnummer
Representantskapet	28.04.25	06/25
Styret	20.03.24	11/25
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	212	

ØKONOMIPLAN 2026 - 2029

Styret sin innstilling:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2026 - 2029:

	2026	2027	2028	2029
Inntekter:				
Tilskudd	3 050 000	3 200 000	3 350 000	3 450 000
Andre inntekter	0			
Totalt	3 050 000	3 200 000	3 350 000	3 450 000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	2 434 000	2 555 000	2 682 000	2 816 000
Investeringsutgifter				
Driftsutgifter	616 000	645 000	668 000	634 000
Totalt	3 050 000	3 200 000	3 350 000	3 450 000
Resultat	0	0	0	0

Bakgrunn for saken

Ifølge lov om interkommunale selskap § 20 og selskapsavtalen § 22 skal representantskapet en gang i året vedta selskapets økonomiplan. Denne skal legges til grunn ved selskapet sitt budsjettarbeid og annet planarbeid. Økonomiplanen skal omfatte de neste fire årene og gi en realistisk oversikt over forventede inntekter og utgifter.

Generelle forutsetninger

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS (HKS) skal yte sekretariatstjenester til kontrollutvalget i deltakerkommunene og ellers arbeide i samsvar med de retningslinjene som er fastsatt i selskapsavtalen, lov og forskrift og vedtatt strategiplan.

Økonomiske forutsetninger

Tabellen viser beregnede inntekter og utgifter de neste fire årene, sammenlignet med budsjettet for 2026. I budsjettet for 2025 var det lagt inn en stor økning på rundt 20 % på grunn av anskaffelse av saks- og arkivsystem. På grunn av økte kostnader, særlig for IKT-systemer, er det lagt inn en litt høyere økning enn normalen på 4 – 5% årlig i økonomiplanen.

I følge SSB er det stor usikkerhet for den økonomiske utviklingen i Norge. Tallene blir derfor noe usikre, og økonomiplanen må justeres årlig i forhold til kostnadsutviklingen i samfunnet.

Eiertilskudd/ medlemsavgift justeres årlig, normalt med en økning i samsvar med lønns- og prisveksten i kommunal sektor.

Pensjonskostnader

Selskapet er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon, og har etablert pensjonsordning som fyller kravene i loven gjennom avtale med KLP.

KLP har opplyst at på grunn av høy pris og lønnsvekst vil pensjonskostnadene også øke i 2025 og sannsynligvis i 2026.

Aksdal, 13.03.25

Odd Gunnar Høie

Dagleg leiar

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Representantskapet	28.04.25	07/25
Styret	20.03.25	12/25
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	212	

VAL AV REVISOR FOR HKS IKS

Styret si innstilling:

Representantskapet for HKS IKS vel KPMG AS som revisor for rekneskapsåret 2025.

Saksorientering

I følge lov om interkommunale selskap § 28 og i selskapsavtalen § 23 står det følgjande:

Selskapet skal ha revisor som velges av representantskapet.

Det blei i 2024 sendt førespurnad til revisjonsselskap om å ta oppdraget med å vera selskapet sin revisor. Deloitte AS og KPMG AS kom med tilbod. Representantskapet vedtok i møtet 22.04.24 å velje KPMG AS som revisor frå 2024.

Selskapet har praksis for å be om nytt pristilbod kvart fjerde år. Neste gong vil bli i 2028. I år er denne saka meir ein formalitet for å følgje krav i lov og selskapsavtale.

Aksdal, 13.03.25

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar

SAKSGANG		
Utvalg	Møtedato	Saksnummer
Representantskapet	28.04.25	08/24
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	026	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

Forslag til vedtak:

Referatsaken blir tatt til orientering.

Vedlegg:

1. Protokoll fra representantskapsmøtet 22.04.24

Saksorientering

Sakene blir lagt fram for representantskapet til orientering.

Styreleder og daglig leder deltar på møtet og kan svare på spørsmål opp mot sakene eller driften.

Aksdal, 25.03.25

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar

PROTOKOLL

Måndag 22. april 2024 blei det halde møte i representantskapet for **Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS**. Møtet blei leia av representantskapsleiar Monika Lindanger.

MØTESTART /MØTESLUTT:	kl. 17.00 – kl. 18.00
MØTESTAD:	Tysvær rådhus, Aksdal
REPRESENTANTAR SOM DELTOK:	Trude Enge, Etne Egil Våge, Bokn Monika Lindanger, Tysvær Marte Eide Klovning, Utsira Ole Johan Vierdal, Vindafjord
VARAREPRESENTANTER:	Paul Løyning, Sauda med fullmakt frå Suldal Andreas Bårtvedt, Sveio Johan Hansen, Karmøy Gunn Bendiksen, Haugesund
FORFALL:	Håvard Handeland, Sauda Torbjørn Indrebø og 1. og 2. vara frå Suldal Geir Ove Vikshåland, Karmøy Kjartan Moe Hustvedt, Sveio Nils Konrad Bua, Haugesund
ANDRE SOM DELTOK:	Siv Bente Stople Østbø, styreleiar Odd Gunnar Høie, dagleg leiar Sjur Hatlen, rådgjevar

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/24 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Handsaming i møtet 22.04.24:

Dagleg leiar ønskte velkommen til det konstituerande møtet og han leia møtet fram til sak 4/24.

Organet var vedtaksfør då 10 eigarkommunane var representert ved møtestart, 1 med fullmakt.

Ingen merknader til innkalling og saksliste.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste til representantskapsmøtet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blir godkjent.

SAK 2/24 VAL AV REFERENT OG TO REPRESENTANTAR TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN

Handsaming i møtet 22.04.24:

Dagleg leiar blei vald til referent. Egil Våge og Paul Løyning blei valde til å underskrive protokollen.

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel dagleg leiar som referent. Egil Våge og Paul Løyning blir valde til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

SAK 3/24 KONSTITUERING AV REPRESENTANTSKAP 2023 - 2027

Valnemnda sitt framlegg:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 22.04.24:

Det blei ikkje sett fram andre forslag. Representantane slutta seg til valnemnda si innstilling.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel for perioden 2023 - 2027

*som leiar av representantskapet:
og som nestleiar:*

*Monika Lindanger, Tysvær kommune
Egil Våge, Bokn kommune.*

Monika Lindanger takka for tilliten og overtok leiinga av møtet.

SAK 4/24 VAL AV STYRE 2024 - 2028

Valnemnda sitt framlegg:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 22.04.24:

Det blei ikkje sett fram andre forslag. Representantane slutta seg til valnemnda si innstilling.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel for perioden 2024 - 2028 som styremedlem og personleg varamedlem følgjande:

<i>styreleiar: Camilla Klovning Strømø, Haugesund</i>	<i>pers vara: Gudrun Caspersen, Haugesund</i>
<i>nestleiar: Tor Leif Helgesen, Tysvær</i>	<i>pers vara: Arne Valen, Sveio</i>
<i>medlem: Linn Utseth, Karmøy</i>	<i>pers vara: Anne Tone Salte Andersen, Vindafjord</i>

SAK 5/24 GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2023

Styret si innstilling:
(som vedtak)

Handsaming i møtet 22.04.24:

Representantane hadde ingen merknader og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner årsmelding for 2023 slik den er lagt fram. Årsmeldinga vert sendt eigarkommunane til orientering.

SAK 6/24 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2023

Styret si innstilling:
(som vedtak)

Handsaming i møtet 22.04.24:

Styreleiar orienterte. Representantane hadde ingen merknader til rekneskapen.

Samrøystes vedtak:

Årsrekneskapen for 2023 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit negativt årsresultat på 46 162 kr. Det negative resultat skyldast i all hovudsak dei ekstraordinært høge pensjonskostnadene.

Underskotet vert dekkja inn av selskapet sin eigenkapital.

SAK 7/24 BUDSJETT 2025

Styret si innstilling:
(som vedtak)

Handsaming i møtet 22.04.24:

Styreleiar og dagleg leiar svara på spørsmål og orienterte om saks- og arkivsystem.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2025 med følgjande rammer:

Inntekter 2025		Utgifter 2025	
Tilskot	3 050 000	Lønn- og sosiale utgifter	2 315 000
Andre inntekter	0	Investering (saksbeh. system)	300 000
		Driftsutgifter	435 000
Totalt inntekter	3 050 000	Totalt utgifter	3 050 000

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2025 følgjande:

<i>Karmøy kommune</i>	<i>553 000</i>
<i>Haugesund kommune</i>	<i>553 000</i>
<i>Tysvær kommune</i>	<i>291 000</i>
<i>Vindafjord kommune</i>	<i>291 000</i>
<i>Sveio kommune</i>	<i>259 000</i>
<i>Sauda kommune</i>	<i>259 000</i>
<i>Etne kommune</i>	<i>259 000</i>
<i>Suldal kommune</i>	<i>259 000</i>
<i>Bokn kommune</i>	<i>170 000</i>
<i>Utsira kommune</i>	<i>156 000</i>

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingenten frå deltakarkommunane ikkje blir auka.

SAK 8/24 ØKONOMIPLAN 2025 - 2028

Styret si innstilling:
(som vedtak)

Handsaming i møtet 22.04.24:

Dagleg leiar orienterte. Representantane hadde ingen særskilte merknader til økonomiplanen.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2025 - 2028:

	2025	2026	2027	2028
Inntekter:				
Tilskudd	3 050 000	2 800 000	2 900 000	3 020 000
Andre inntekter	0	0		
Totalt	3 050 000	2 800 000	2 900 000	3 020 000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	2 315 000	2 350 000	2 420 000	2 500 000
Investering	300 000			
Driftsutgifter	435 000	450 000	480 000	520 000
Totalt	3 050 000	2 800 000	2 900 000	3 020 000
Resultat	0	0	0	0

SAK 9/24 VAL AV REVISOR FOR HKS IKS

Styret si innstilling:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 22.04.24:

Representantane hadde ingen særskilte merknader og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel KPMG AS som revisor frå 2024.

SAK 10/24 GODKJENNING AV AJOURFØRT SELSKAPSAVTALE - IKA IKS

Styret si innstilling:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 22.04.24:

Styreleiar og dagleg leiar orienterte og svara på spørsmål.

Samrøystes vedtak:

1. *Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner oppdatert eierbrøk og kostnadsfordelingsmodell for IKA IKS, slik det fremgår av vedlegg 1.*
2. *Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner oppdatering av selskapsavtalens § 5 og 14.3, slik det fremgår av vedlegg 2.*
3. *Ajourført selskapsavtalen ihht punkt 2 ovenfor gis virkning fra og med ny valgperiode 2023-2027, og budsjettåret 2024.*

SAK 11/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

1. Protokoll frå representantskapsmøtet 24.04.23
2. Selskapsavtalen for HKS IKS
3. Styreinstruks for HKS IKS

Handsaming i møtet 22.04.24:

Dagleg leiar orienterte. Representantane hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak:

Referatsakene 1 - 3 blir tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker var meldt i forkant.

ORIENTERING

Dagleg leiar orienterte i etterkant av møtet om kontrollutvala sin aktivitet i 2023. Representantane hadde fleire spørsmål rundt tema og uttrykte at det var interessant å få ei slik orientering.

Planlagt møtedato neste år: **måndag 28.04.25 kl. 17.00.**

Aksdal, 22. april 2024

Monika Lindanger
Representantskapsleiar

Egil Våge
Medundertegner

Paul Løyning
Medundertegner

Odd Gunnar Høie
Referent/dagleg leiar